

Møtereferat 8.

Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk

Møtestad: Volda rådhus

Tid: tysdag 3.10.17, kl 18.00 – kl 20.30

Til stades:

Svein Otto Espe

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Jon Tv innereim

Forfall: Torunn Lødemel Stokkeland

Referatet frå møtet 25.9.17 og innkallinga vart samrøystes godkjende.

1. Leiaren opplyste at Tove Aurdal Hjellnes, som er oppnemnd som vararepresentant for Volda kommune i komitéen, er ugild fordi ho har levert inn forslag til kommunevåpen. Melding om dette sender leiaren til Volda kommune.
2. Det vart samrøystes bestemt at dei innkomne forslaga til nytt kommunevåpen ikkje skal gjerast offentleg.
3. Dei innkomne forslaga til nytt kommunevåpen i kopi vart delte ut til medlemmane. Torunn Lødemel Stokkeland (forfall) får overlevert eit sett av kopiane, slik at alle har høve til å vurdere forslaga før neste møte i komitéen.
4. Dei innkomne forslaga til nytt kommunevåpen vart vurderte, men utan konklusjon. Komitéen tek sikte på å kåre vinnar på det neste møtet. Leiaren syter for at originalane av forslaga blir tilgjengelege på dette møtet.
5. Spørsmålet om storleiken på pengepremien for det beste forslaget vart drøfta, men det vart ikkje konkludert.
6. Neste møte i komitéen vert halde i Smia, Grodås, måndag 16.10 kl 9 15. (Merk tidspunktet!)
7. Ein tek sikte på nytt møte i komitéen i Volda Rådhus onsdag 25.10. kl 18 00.

Referent:

Jon Tvinnereim

Leiar og sekretær i komitéen